

# **NOTAT**

**GÅR TIL:** Styremedlemmar  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 27.11. 2018  
**FRÅ:** Administrerande direktør Herlof Nilssen  
**SAKSHANDSAMAR:** Bjørn Ivar Bø  
**SAKA GJELD:** Lærlingar i helseføretaka

**ARKIVSAK** 2018/300  
**STYRESAK** 124/18

**STYREMØTE** 11.12. 2018

## **Administrerande direktør si orientering pkt. 5**

---

### **Bakgrunn**

Utgangspunktet for denne saka er styret sin handsaming av sak 092/18. Styret ønska ein årleg rapport om talet på lærlingar i forhold til tal på fagarbeidrarar som får jobb i helseføretaka etter utdanning. Samstundes seier styret seg tilfreds med talet på lærlingar så langt, og vil understreke viktigheten av at føretaka har ein omfattande lærlingeordning, og arbeider målbevisst med å auke talet på lærlingar.

Følgjande krav er stilt til helseføretaka i styringsdokumentet for 2018:

- Sørgje for at alle helseføretaka har eigne læreplassar innan helsefagarbeidarfaget, og avklare kor mange lærlingar føretaket bør ha.

I tillegg til krav i oppdragsdokumentet for 2018 har Helse Vest frå 2005 stilt sjølvstendige krav til eigne lærlingar i styringsdokumenta til føretaka uavhengig av styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet.

### **Vurdering**

Helseføretaka må arbeide systematisk med strategisk bemannings- og kompetanseplanlegging, gjennom å arbeide målretta med å utdanne, rekruttere, behalde og utvikle medarbeidrarar.

Det regionale helseføretaket og helseføretaka må ha god dialog og godt samspel med utdanningssektoren for å sikre at utdanningane har kapasitet, kvalitet og innhald som er tilpassa tenesta og befolkninga sine behov.

Det er tidlegare stilt krav om å sikre fleire læreplassar i tråd med måla i «*Samfunnskontrakt for flere læreplasser*». Dette er særleg viktig når det gjeld helsefagarbeidrarar. Under følgjer ein oppsummering frå kvart av føretaka av status lærlingar per desember 2018 og kor stor del lærlingar utgjer av totalt tal fagarbeidrarar i det aktuelle lærefaget. Føretaka har og, der det har vore mogleg, sagt noko om kor mange som har fått jobb i helseføretaka etter utdanning.

Per desember 2018 har føretaksgruppa Helse Vest **213** lærlingar. På same tidspunkt i 2017 var det 314 lærlingar. Noko av årsaka til differansen skuldast mellom anna at tal samarbeidslærlingar frå kommunane er redusert. Samstundes har fleire føretak hatt ein intern gjennomgang av lærlingeprogrammet sitt og har i denne fasen hatt eit noko redusert opptak av nye lærlingar. Føretaka har nå laga nye planar for å auka tal eigne lærlingar og det er venta at talet vil auke igjen utover i 2019. Det er positivt at helseføretaka bygger opp med eigne lærlingar, tilsvarande den ordning Helse Stavanger HF har hatt i mange år.

Vedlagt følgjer oppdatert status per verksemnd.

# Statusrappport

**Helse Stavanger:**

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrarar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrarar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
Helsearbeidar-faget	<b>50</b>	<b>347*</b>	<b>14,4 %</b>	Av dei som starta i 2014 har 6 fått fast jobb som helsefagarbeidar. Av dei som starta i 2015 har 2 fått fast jobb som helsefagarbeidar. Ingen av dei som starta i 2016 har fått fast jobb, men 23 har andre stillingsforhold, til dømes midlertidig tilsett og timelønna.	26 lærlingar starta opp den 6. august 2018. I tillegg er det 24 lærlingar som startar på andre året. Grunnen til at det er 24 og ikkje 26 som startar på andre året skuldast ikkje fråfall, men permisjonar og liknande.
Ambulansefaget	<b>20</b>	<b>127**</b>	<b>15 %</b>	Alle som ønskjer jobb hos Helse Stavanger går inn som vikarar og dei aller fleste har fast stilling i løpet av dei første åra.	
Sikkerheitsfaget (vekter)	<b>4</b>	<b>15</b>	<b>26,6 %</b>	<b>2</b>	
Portørfaget	<b>7</b>	<b>17</b>	<b>41,1 %</b>	Lærlingane har ikkje søkt fast jobb, men starta på VG3 påbygg (generell studie-kompetanse) som dei automatisk kjem inn på same året dei har fullført fagbrevet.	For ein av dei sju lærlingane har Helse Stavanger ein avtale med NAV om at dei dekker det første året og at fylket godskriv denne perioden som godkjent læretid. Helse Stavanger dekker resten.
Reinhaldfaget	<b>1</b>	<b>23***</b>	Ikkje aktuelt. Lærlingen frå NAV er ikkje ferdig med læreperioden. Helse Stavanger har og medarbeidrarar som tar fagbrev i reinhaldfaget, men disse er ikkje med i denne rapporteringa.		Lærling frå NAV med same innhald i avtalen som for Portørfaget.
Byggdriftar faget	<b>1</b>	<b>7 (dette gjeld medarbeidrarar i Elektroseksjonen som er den seksjonen)</b>	<b>14,3 %</b>	Lærling var allereie fast tilsett når han starta i læreløpet.	Voksen medarbeidar som nå er i læreløp. Får støtte frå fylket sidan han kjem inn under vaksenretten. Kontrakten er derimot i ferd med å kansellerast grunna for låg utvikling i

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrarar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrarar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
		lærlingen er høyrer til. Disse har fagbrev innan elektro, svakstrøm og automatikk).			faget i forhold til læreplan. Medarbeidaren fortsett i Elektroseksjonen som assistent.

\*Talet er henta frå HR-kuben og viser totalt tal helsefagarbeidrarar i fast stilling i heile føretaket per oktober 2018. Talet inkluderer medarbeidrarar som er i permisjon men ikkje medarbeidrarar som står oppført med ulønna sjukefråvær etter maks dato for sjukepengar.

\*\* Talet er henta frå HR-kuben og viser ambulansepersonell med autorisasjon i fast stilling i heile føretaket per oktober 2018. Talet inkluderer medarbeidrarar som er i permisjon men ikkje medarbeidrarar som står oppført med ulønna sjukefråvær etter maks dato for sjukepengar.

\*\*\* Talet er henta frå HR-kuben og viser reinhaldsoperatørar i fast stilling i heile føretaket per oktober 2018. Talet inkluderer medarbeidrarar som er i permisjon men ikkje medarbeidrarar som står oppført med ulønna sjukefråvær etter maks dato for sjukepengar.

I tillegg til lærlingane nemnt i tabellen over, har Helse Stavanger også kandidatar frå NAV der ein er i prosess med avtaleinngåing for om kvalifiseringsløp. Til dømes gjeld dette lærling innan anleggsgartnarfaget.

## Helse Fonna:

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrarar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrarar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
Helsearbeidarfaget	<b>16</b>	<b>296</b>	<b>5,4 %</b>		8 første års lærlingar og 8 andre års lærlingar
Ambulansefaget	<b>19</b>	<b>220</b>	<b>8,6 %</b>		10 første års lærlingar og 9 andre års lærlingar
Institusjonskokk	<b>2</b>	<b>28</b>	<b>7,1 %</b>		1 første års lærling og 1 andre års lærling

### Ambulansefaget

Over tid får dei fleste faste stillingar i føretaket. Dette gjeld særleg dei som er frå Helse Fonna området. Dei får alle avtale om 0 % stillingar rett etter fagprøve, og går inn i faste stillingar etter kvart som det blir ledige stillingar, gitt at dei tilfredsstillar krava.

### Helsefag

Det har vært få faste stillingar som har vært lyst ut dei seinaste åra. Ein del av dei nye helsefagarbeidarane har fått midlertidige stillingar i ulik stillingsstorleik. Nokon få helsefagarbeidrarar har fått fast stilling i internt bemanningsenter. I løpet av perioden 2012 – 2017 har 4 fått fast stilling av i ulik stillings storleik ved sengepostane. I same periode har Helse Fonna hatt 48 lærlingar gjennom læreløpet.

### Institusjonskokk

Det er sjeldan at disse går direkte over i faste stillingar, men dei starter i vikariat. Etter kvart går dei fleste over i faste stillingar. Ved Matforsyninga i Haugesund har ca. halvparten av dei tilsette kokkene (totalt 5) over tid hatt sitt læreløp i Helse Fonna.

## Helse Bergen:

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrarar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrarar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
Helsearbeidar-faget (eigne)	9	289	10,3 %	2	Fagarbeidar har vikariat etter læretid. Alle som har bestått fagprøve til no har fått munnleg tilbod om fast stilling, men har takke nei grunna vidare studiar.
Helsearbeidar-faget (samarbeids-lærlingar)	21			4	
Ambulansefaget	23	185	12,4 %	6	
Barne- og ungdomsarbeidar	3	26	11,5 %	1	Fagarbeidar har vikariat etter læretid.
Institusjonskokk	2	169			
Automatisering	2			1	Fagarbeidar har vikariat etter læretid.
Dataelektronikk	2			1	
Finmekanikk	1			1+1	Ein fagarbeidar har vikariat etter læretid og ein har fast jobb etter læretid.
Sikkerhet	1				
Portør	5			0	
Logistikk	1			2	Tilsett i føretaket i 2017 og 2018.

Tal fagarbeidrarar og kor mange som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning er henta frå Agresso og sortert manuelt på stillingskode og koststad. For drift tekniske fag har Helse Bergen sortert på stillingskodane fagarbeider, fagarbeider 1 og fagarbeider (teknisk) fordi dei ikkje er registrert med fagspesifikk stillingskode, bortsett frå nokon innan portør (10) og kokk (31). Totalt utgjer desse faga i tabellen 169 personar.

Det at Helse Bergen ikkje kan hente meir presise tal, viser eit behov for rydding i stillingskodar for fagarbeidrarar på same måte som Helse Vest nylig har gjort for lærlingar. For alle faggrupper er tal på timetilsette og personar i permisjon ikkje tatt med.

### **Helse Førde:**

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrarar i det gitte lærlingefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrarar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
<b>Ambulansefage t</b>	<b>12</b>	<b>464</b>	<b>2,6 %</b>	Mange som har vore lærlingar har faste stillingar. Men, det er ingen av fjarårets lærlingar som til no har fått faste stillingar. Dei må som regel starte slik som andre søkerar – i engasjement og vikariat – før dei har ansiennitet til å konkurrere etter kvalifikasjonsprinsippet.	Dei 464 fagarbeidarane inkluderer fagarbeidar med autorisasjon (206), ambulanseassistent (82), fagarbeidar med autorisasjon og autorisert sjukepleiar (53), Sjukepleiar (95) og fagarbeidrarar med autorisasjon og paramedic (28)
<b>Institusjonskok k</b>	<b>2</b>			<b>1</b>	I 2017 hadde nokon medarbeidrarar stilling som fagarbeidar og nokon stilling som kokk. Begge rollene er medarbeidrarar med fagbrev.

Helse Førde har planar om å starte med 12 lærlingar i helsefaget hausten 2019. Det er per desember 2018 totalt 167 fagarbeidrarar med denne stillingskategorien i Helse Førde.

## Helse Vest IKT:

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
Seksjon tele og signal	1	10	10 %	Ingen av lærlingane har fått fast jobb. Ein har starta vidare studiar og tre har fått engasjement knytt til konkrete prosjekt.	
Seksjon plattform	7	25	28 %		

## Sjukehusapoteka Vest:

Sjukehusapoteka Vest er ikkje lærebodrift.

## Helse Vest RHF:

Fagområde	Tal lærlingar - desember 2018	Tal fagarbeidrar i det gitte lærefaget desember 2018	Del lærlingar av totalt fagarbeidrar desember 2018	Tal lærlingar som har fått fast jobb i helseføretaket etter utdanning	Kommentarar
Kontorfag	1	5	20 %	Lærlinge-perioden går ut juni 2019 og lærlingen har gitt uttrykk for at ho ønskjer å studera vidare.	

Helse Vest har ambisjon om å ha ein lærling i kontorfaget til ei kvar tid.